



Strilen og Bygdanytt  
Monica Skjelanger Reknes

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1 - 23/2428

Saksbehandlar:  
Tonje Husum Aarland  
tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:  
05.09.2023

## Svarbrev - Innsyn - tilsette Modalstunet

Viser til førespurnad om innsyn datert 31.08.2023 og 04.09.2023 i dokument som gjeldt tilsette ved Modalstunet i Modalen kommune, inkludert tal tilsette i ulike stillingar og tiltak knytt til rekruttering og bruk av vikarbyrå. Vidare vert det bedt om innsyn i tilsynsrapportar, klager og rapporter etter hendingar ved Modalstunet dei siste fem åra.

Vi har vurdert kravet konkret og sjølvstendig og gjennomgått dokumentasjon knytt til førespurnaden.

Vedlagt dette svarbrevet er:

- Dokument knytt til rekrutteringstiltak for sjukepleiarar
  - Sak 025/2021 i kommunestyret om rekrutteringstiltak
  - Sak 044/2022 i kommunestyret om revidering av rekrutteringstiltak
  - Rekrutteringstiltak sjukepleiarar, jf. vedtak 025/2021 i kommunestyret
  - Reviderte rekrutteringstiltak sjukepleiarar, jf. vedtak 044/2022 i kommunestyret.
  
- Lokalpolitiske retningslinjer, jf. vedtak 018/2023 i kommunestyret.

Det er totalt faste 31 tilsette ved Modalstunet. Det er 11 tilsette sjukepleiarar i faste stillingar. Det har jobba 2 sjukepleiarar frå vikarbyrå det siste året, ein frå privat byrå og ein frå rammeavtale.

Det har ikkje vore gjennomført eksterne tilsynsrapportar knytt til oppfølging av tilsette eller hendingar ved Modalstunet dei siste 5 åra.

Det vert ikkje gitt innsyn i:

- Dokument som inneheldt klager frå tilsette er unnateke offentlegheita, jf. offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13 1. ledd.
- Arbeidsmiljøundersøkingar og tilsvarande kartleggingar med rapportar er unnateke offentlegheita, jf. offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13 1. ledd., samt offentleglova § 14 og § 15 om

dokument som er utarbeida for organinterne prosesser og dokument innhenta utanfrå for den interne saksføruinga.

**Klage**

Den som har fått avslag på innsyn, har høve til å klage innan tre veker frå avslaget vart motteke. Klager til det forvaltningsorganet som er nærmast overordna forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Statsforvaltar er klageinstans for vedtak i kommunalt organ.

Med helsing

Tonje Husum Aarland

Ass. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Vedlegg:**

Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse

Rekrutteringstiltak sjukepleiarar 2021 - 2022, vedteke i KS sak 025-2021

Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse

Reviderte rekrutteringstiltak sjukepleiarar 2023 - 2024, jf. KS vedtak 44/2022

Lønspolitisk retningsliner 2023-2026

**Mottakere:**

Strilen og Bygdanytt